

TIL PARTIAVDELINGSSTYRET
DIREKTIV OM KONTINGENTEN

Nyutsending av direktiv frå 1.februar 1978 , med endringar.
Endringane gjeld frå 1.mars 1980.

1. Kven skal betale kontingent ?

Ifølge § 1 og 4 i vedtektene skal alle medlemmer/kandidat-medlemmer betale medlemskontingent til partiet.

Medlemmer som blir overført til ny avdeling, skal betale kontingent for hele terminen til sin nye avdeling. Det kan hende at overført medlem ikkje har fått kontakt med sin nye avdeling ved terminens slutt. Medlemmet skal sjølsagt betale kontingent for terminen likevel. Kassereren i den nye avdelinga er ansvarlig for å kontrollere dette ved overføring.

2. Når skal kontingenten betalast ?

Kontingenten skal betalast kvar 4.mnd rekna frå 1/1. Kontingenten skal vera klar for vidareending frå avdelinga til DS (evt SK) ved terminens slutt. Partiavdelingsstyra er politisk og organisatorisk ansvarleg for at kontingenten frå medlem er kravd inn ved terminens slutt.

3. Kva er medlemskontingenten ?

Kontingenten er delt opp etter følgjande fire satsar:

Sats I : mellom 20kr og 69kr pr. måned

Sats II : mellom 70kr og 114kr pr. måned

Sats III: mellom 115kr og 164kr pr. måned

Sats IV: 165 kr eller meir pr. måned

3.1. Sats I.

Arbeidslause, trygda, husmødre, lærlingar og skoleelevar og andre med årsinntekt under 35 000 kr skal normalt betala mellom 20 og 69 kr pr måned.

3.2. Sats II.

Medlem/kandidatmedlem med årsinntekt mellom 35 000 og 55 000 kr skal normalt betale mellom 70 og 114 kr pr. måned. Studentar skal også normalt betale etter denne satsen.

3.3. Sats III.

Medlem/kandidatmedlem med årsinntekt mellom 55 000 og 80 000 kr skal normalt betale mellom 115 og 164 kr pr måned.

3.4. Sats IV.

Medlem/kandidatmedlem med årsinntekt over 80 000 kr skal normalt betale 165 kr eller meir pr måned.

3.5. Fastsetting av kontingenten.

Kontingeneten for kvar einskild medlem/kandidatmedlem skal fastsetjast etter ein diskusjon om den økonomiske evna. Diskusjonen bør ta utgangspunkt i årsinntekta, men andre tilhøve som verkar inn på den økonomiske yteevna som t.d. boutgifter, gjeldsbyrde, forsørgjarbyrde osv, må inngå i vurderinga.

Vurderinga av kvar einskild si reelle økonomiske evne er overordna gradering etter årsinntekt. Diskusjonen bør oppmuntre alle til å betale så høg kontingent som råd innafor satsane.

Avdelinga må vera smidig ved fastsettinga av kontingenten for den einskilde. Føremålet med ulike satsar er nettopp å ta omsyn til ulik økonomisk evne innafor partiets medlemsmasse og gje rom for at medlemane/kandidatmedlemene kan betale så høg kontingent som råd.

4. Kven krev inn kontingenten ?

Partiavdelingsstyra skal krevja inn kontingenten frå sine medlem/kandidatmedlem.

Innbetalinga bør skje kvar måned forat kontingenten ikkje skal hopa seg opp til ein stor sum ved kvar innsending, og i starten på kvar måned slik at avdelingsstyra kan overhalde frister for innsending.

Distriktsstyret eller sentralkomiteen krev inn kontingenten samla frå dei einskilde partiavdelingane. Deretter skal kontingenten vidare til sentralkomiteen etter ein særskild instruks.

4.1. Partiavdelingsskatt.

Partiavdelingsskatten kan utgjere inntil 10% av den totale kontingentsummen og skal gå til drift av avdelinga. DS kan gje dispensasjon frå dette inntil 20% etter søknad. Ut over dette kan SK gje dispensasjon.

Avdelinga bør fastsette trekkprosenten sin etter eit framlagt budsjett, slik at avdelinga ikkje trekker meir enn det som er naudsynt for avdelinga si drift og slik at han kan regulerast om kontingentinntgangen aukar eller minskar.

Utover dette har avdelinga høve til å samla inn pengar blant sine medlemmer til særskilte formål.

Dersom avdelinga akkumulerar overskot som ikkje inngår i ei

131

planlagt investering o.l, bør avdelinga gje løyvingar til andre organ i partiet.

Overordna organ har høve til å påpeike overfor avdelinga at trekkprosenten t.d. er for høg.

4.2. Kven kan pålegge kontingent ?

Utover den obligatoriske kontingenten til sentralkomiteen er andre innbetalingar til partiet friviljuge.

Det er berre sentralkomiteen som kan påleggje medlemene kontingent.

5. Kan medlemskontingenten avvikast ?

I kontingentspørsmålet står avdelingane via distriktsstyret direkte ansvarlege overfor sentralkomiteen. Sentralkomiteen skal motta eit samla kontingentbeløp innafor dei ulike satsane som svarar til medlemstallet i avdelinga.

5.1. Kan ein avvike frå satsane?

Ofte vil alle fir kontingentsatsane verta brukt innafor ei avdeling. Ingen medlem kan avvike frå kontingenten ved å betale under sats I. Dersom eit medlem mellombels ikkje klarer å betale kontingenten og avdelinga godkjenner det, skal avdelinga dekke kontingenten for kameraten.

5.2. Endring av satsane.

Det er ikkje høve for medlema å endra kontingentbeløpet frå innbetaling til innbetaling ettersom ein har god eller dårleg råd. Endring av kontingentbeløp må skje etter ein ny diskusjon om økonomisk evne.

5.3. Kan innbetalinga utsetjast ?

Det er vedtektsstridig ikkje å betale kontingent. Utsetting av innbetalingane skal derfor ikkje skje. Normalt har ei avdeling ikkje høve til å søkja om utsetting med betalinga. Dersom ei avdeling har ein sær sars vanskeleg økonomi, skal dei ikkje halde attende kontingenten, men derimot be distriktsstyret eller sentralkomiteen om hjelp.

5.4. Kontingent for partimedlem/kandidatmedlem som og er medlem i Raud Ungdom eller NKS.

Medlem/kandidatmedlem som og er medlem i Raud Ungdom eller NKS kan ikkje avvike frå kontingentføresegna i partiet. Som medlem/kandidatmedlem i partiet bør dei i partiet sine ungdomsorganisasjoner gå føre som eit døme i økonomiarbeidet. Dei bør difor betale høgste sats, eller så mykje som mulig, i

141

ungdomsforbundet og etter evne i partiet, minimum minstebeløpet i sats I. Som ein regel bør dei minimum betale kontingent i dei to organisasjonane slik at summen vert lik det medlem med tilsvarende økonomisk evne betaler i partiet.

6. Rapportplikt.

Partiavdelingane skal halde orden i kontingentinnkrevinga. Dei skal overfor distriktstyret og sentralkomiteen kunne dokumentera at det beløpet som innbetalast er riktig. I tillegg treng både distriktstyret og sentrale organ eit oversyn over kor stor kontingentinngangen er og korleis medlemane fordeler seg på satsane for å kunne budsjettera partiet si drift og planleggja det økonomiske arbeidet i partiet. Partiavdelingane skal bruke dei utsende rapportskjemaene og gje alle dei opplysningane som vert kravde. Rapportane skal leverast inn saman med kontingenten til distriktstyret eller sentralkomiteen rett tid.

Kasserarane i partiavdelingane må og skaffe seg eit kontrollsystem som gjev oversyn over kontingentinnkrevjinga frå medlem/kandidatmedlema og kunne dokumentera overfor avdelinga at det innkravde beløpet er innbetalt til distriktstyret eller sentralkomiteen (kvitteringslippen nederst på rapportskjemaet)

Mars 1980

SKs arbeidsutvalg